

SAK 4, ENDRING AV VEDTEKTENE

I gjeldande vedtekter for Sogn og Fjordane teater blir ein styremedlem vald blant dei tilsette for eitt år om gongen med personleg varamedlem. I tillegg blir det valt ein observatør og ein varaobservatør. Alle blir valde for eitt år. Styremedlem m/vara og observatør m/vara kjem vekselvis frå kunstnarisk personale og dei andre tilsette.

No har vi berre ein fast tilsett kunstnar. Dermed er det ikkje nok kunstnarisk personale til å vere styremedlem/observatør m/vara. Etter den gamle ordninga er det vanskeleg når vedkomande er på turné og denne personen vil heile tida vere enten styremedlem eller observatør.

Alle tilsette har drøfta denne problemstillinga og kome med forslag til endring i samsvar med endringsforslaget nedanfor. Saka har og vore drøfta to gongar i styret, seinast på styremøtet 10.05.2016. Styret gjekk inn for framlegget.

Gjeldande vedtekter frå 7.mai 2015

§ 3 Styret

Lutlaget sitt styre skal ha fem medlemer. Av desse skal tre veljast etter framlegg frå luteigar Sogn og Fjordane fylkeskommune, ein av luteigar Førde kommune, og ein av dei fast tilsette. For styremedlemer valde etter forslag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune skal det veljast varamedlemer i rekjkjefølgje. For dei andre styremedlemene vert det valt personlege varamedlemer.

Dei tilsette får i tillegg ein observatør med talerett i styret. Det er ein føresetnad at observatøren er vald mellom andre tilsette dersom styremedlem er frå det kunstnarlege personalet og omvendt.

Styremedlemene og varamedlemene si funksjonstid er fire år med unntak for representanten og observatøren for dei tilsette som vert valde for eitt år.

Ved første gongs val etter ei endring av styresamansetjinga, kan nokre av dei aksjonærvalde styremedlemene veljast for kortare tid enn fire år.

Generalforsamlinga vel styreleiar og nestleiar. Leiaren skal veljast mellom dei styremedlemene som er foreslått frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Styret er vedtaksført når minst tre medlemer er til stades. Ved likt røystetal avgjer leiaren si røyst.

Framlegg til nye vedtekter:

§ 3 Styret

Lutlaget sitt styre skal ha fem medlemer. Av desse skal tre veljast etter framlegg frå luteigar Sogn og Fjordane fylkeskommune, ein av luteigar Førde kommune, og ein av dei fast tilsette. For styremedlemer valde etter forslag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn og Fjordane teater skal det veljast varamedlemer i

rekjkjefølgje. For styremedlem frå Førde kommune vert det valt ein personleg varamedlem.

Alle fast tilsette står likt og kan velje og bli valde inn i styret. I tillegg til ein styremedlem, skal det veljast tre varamedlemer i rekjkjefølgje. Første vara møter fast med talerett.

Styremedlemene og varamedlemene si funksjonstid er fire år med unntak for representanten for dei tilsette som vert valde for to år.

Ved første gongs val etter ei endring av styresamansetjinga, kan nokre av dei aksjonærvalde styremedlemene veljast for kortare tid enn fire år.

Generalforsamlinga vel styreleiar og nestleiar. Leiaren skal veljast mellom dei styremedlemene som er foreslått frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Styret er vedtaksført når minst tre medlemer er til stades. Ved likt røystetal avgjer leiaren si røyst.